

Tilleggsinnkalling
av
Formannskapet

Møtedato: 21.09.2017
Møtestad: Møterom på sjukeheimen
Møtetid: 11:00 - 12:00

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

085/2017 Økonomisk rapportering pr. 2.tertial/31.08.2017

086/2017 Søknad om utvida serverings- og skjenkeløyve for Snikkarbua

13. februar 2019

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 210	17/734

Saknr	Utval	Type	Dato
085/2017	Formannskapet	PS	21.09.2017
056/2017	Kommunestyret	PS	21.09.2017

Økonomisk rapportering pr. 2.tertial/31.08.2017

Vedlegg:

Journalposttittel
2 tertialrapport 2017

Dato
18.09.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomisk rapportering pr. 2.tertial 2017 vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter. Det skal rapporterast minimum to gongar pr år. I økonomireglementet for Masfjorden kommune går det fram at det skal rapporterast etter 1. og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt.

Høyring

Rapport med oppdatert rekneskap 31.08.2017 vart sendt ut den 7.september til budsjettansvarlege, og med frist for tilbakemelding **14. september 2017**

Uttale

Rekneskapskommentarar frå avdelingane/rapportering i visma.

Fakta

Viser til sjølve rapporten, som følgjer som saksvedlegg

Vurdering

Drifta viser eit netto driftsresultat pr. 2. tertial 2017 på 3,9%, og kr. 5.247.781. Resultatet er tett opp mot tilsvarande tal i 2016.

Korrigert for statstilskot for prosjekt som Masfjorden er vertskommune for vert netto driftsresultat 2,5%.

Det er pr. 2.tertial bokført nær 1,1 mill.kr. i kostnader knytt til realisering av Masfjordsambandet, og det er forventa at denne kostnaden vert vesentleg høgare i løpet av året – stipulert til 4-5 mill.kr., og dette er eit forhold som vil ha stort utslag på netto driftsresultat i 2017, og som kan medverke til at ein ikkje når målsetjinga for netto driftsresultat på 1,75% i 2017. Legg til grunn at desse kostnadene vert dekkja av fond, og dermed ikkje konsekvensar for sjølve rekneskapsresultatet.

Det er nokre områder med overskriding allereie etter 2.tertial, og andre områder som går i pluss, og det er vanskeleg å gje ein sikker prognose for 2017. Skatteinngangen er heller svak. Ein forventar eit svakt netto driftsresultat i 2017, men at drifta samla sett vil gå ut i balanse.

På investeringsida går dei fleste prosjekt i samsvar med revidert investeringsbudsjett, men kostnadene kjem i hovudsak i siste tertial. Slik stoda er pr. dato forventar ein at investeringane vert om lag 12 mill.kr., av eit budsjett på 32,5 mill.kr., og kor det store prosjektet – omsorgsbustadar Hosteland vert forskyve med eit nytt budsjettår – men at alle formelle forhold snart er på plass, og anbodspapira kan leggjast ut i 2017.

Konklusjon

Økonomisk rapportering 2. tertial 2017 vert teken til vitring.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frode Vee-Haugen	FA - U63	17/565

Saknr	Utval	Type	Dato
086/2017	Formannskapet	PS	21.09.2017
	Kommunestyret	PS	

Søknad om utvida serverings- og skjenkeløyve for Snikkarbua

Vedlegg:

Journalposttittel

resultset_247_2297_vedlegg1.pdf

Dato

13.09.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Kvingo Nærkjøp AS ved Kariann Ekren for eit tilleggslokale Snekkarbua, adresse Austfjordvegen 1190, 5981 Masfjordnes.
2. Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden og styrar for skjenkeløyvet.
3. Trine Ekren, 5981 vert godkjend som avløyser for skjenkeløyvet.
4. Løyvet til Snikkarbua i Kvingo næringsbygg vil da - medrekna eksisterande løyve - omfatte:
 - Inneareal med pub og gatekjøkken ca. 50 m².
 - Tilstøytande lokale ca. 50 m² med glasstak og vegger rundt.
 - Tilleggslokale på 242 m² som vist på vedlagt teikning.Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. Det vert ikkje gjeve løyve til utandørs skjenking i butikken si opningstid.
6. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik: Som for alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Det er eit vilkår at det vert matsservering i alle lokala.
7. Det er eit vilkår for uteserveringa at området for uteservering ikkje er innestengd med vegg i tidsrommet for servering og skjenking. Heile veggområdet må vere opent, men med tydeleg avgrensing av arealet. Viss uteserveringa vert innelukka med glasstak og skyvevegg som skissert i søknaden vert område å rekne som lokale, slik at røykeforbodet vil gjelde.
8. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing i tid.
9. Skjenkeløyvet gjeld frå og med dags dato til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.

Heimel

Serveringslova med forskrifter, alkohollova med forskrifter og tobakksskadeloven § 6.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kariann Ekren har sendt inn melding om eindring i lokalitet datert 16.08.17 og søknad datert

13.09.17 om utvida serverings- og skjenkeløve for Snekkarbua, Austfjordvegen 1190.

Uttale

Uttalefristen var sett til 18. september 2017

Skatteoppkrevjaren hadde ingen merknader til søknaden frå i vår. Det er såleis ikkje innhenta uttale frå skatteoppkrevjaren, sidan det er dei same eigartilhøva og driftstilhøve for søknad om utvida løyve.

Politiet i Masfjorden datert 18.09.2018:

«Lensmannen har ingen merknader til søknaden.»

NAV Masfjorden sosial har pr. 18.09.2017 ikkje gjeve uttale til søknaden.

Fakta

Eigar er Kvingo Nærkjøp AS ved Kariann Ekren. Ho er også ført opp som dagleg leiar av serveringsstaden og styreleiar for skjenkeløyvet.

Det utvida skjenkeløyvet gjeld eit tilleggslokale på om lag 240 kvm. Lokalet har inngang og tilkomst frå lokale for eksisterande løyve. Lokaliteten er markert som disponibelt areal 241,6 m2 på vedlagt teikning. Disponibelt areal på 73,0 m2 er garderobe. Utvida lokale ligg i same bygning, ei dør skil lokala frå kvarandre inngang blir same plass.

Bruk av lokalet:

«Lokalet blir brukt til pubkvelder, ulike arrangementer som dans, konsert, quiz, marked, pensjonistsamling, bursdager og andre feiringar. På dagtid blir det også brukt som restaurant og kafe dette lokalet er ei utviding av snikkarbua som allerede har godkjent skjenkeløyve. Det er i same bygget med kun ei dør som skiller dei 2 lokala. Lokalet skal brukast dei dagane publokalet blir for lite. I tillegg vil det komme inn biljardbord og shuffleboard i dette lokalet. Lokalet det no søkes om skjenking i et disponibelt areal 241,6m2. Inngang til lokalet blir via inngang til snikkarbua.»

Opningstidene er sett opp slik i søknaden:

Innandørs og utandørs frå kl. 13.00 – kl. 02.00 alle dagar. Tal på sitjeplassar er sett til 200.

Kariann Ekren har kunnskapsprøve for skjenkeløyve og etablererprøven. Avløyssar Trine Ekren har også gjennomført både kunnskapsprøven og etablererprøven.

Vurdering

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for dei skjenkestadene som har løyve.

Alkoholpolitisk handlingsplan blei vedteken av kommunestyret den 28.04.2016 for perioden 2016 - 2020. I denne står det at skjenketidene for alkoholgruppe 1 og 2 (under 22%) skal vera frå kl. 13.00 – 01.00, jf. alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 5.

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader har stått sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra. Ein kan såleis ikkje tilrå skjenketidene som er sett opp i søknaden. Det vil også gje konkurransevriding internt i kommunen.

Førebyggingskriterier som går på opphaldsstader og nærområde for barn og unge har vore vurdert for alle skjenkestader, og ein har da kome fram til at dette vert aktualisert i tidsrommet for butikken sin opningstid, sjølv om skjenkestaden ikkje ligg i direkte nærområde for barn og unge.

Kvingo Nærkjøp AS er registret i firmaregisteret med næringskoden for butikkhandel, men med utvida formål.

Konklusjon

Kvingo Nærkjøp AS ved Kariann Ekren får utvida lokaliteten for serveringsløyve og skjenkeløyve til Snikkarbua. Kariann Ekren vert også godkjend som dagleg leiar og styrar for det utvida området på 241 m², medan Trine Ekren vert godkjend som avløyvar for skjenkeløyvet.

Det vert gjeve serveringsløyve og skjenkeløyve for øl og vin frå kl. 13.00 til 01.00 alle dagar for eit tilleggsareal på 242 m².

Det vert gjeve utvida løyve for slutta lag for alkoholgruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Løyvet gjeld for perioden fram til 31.03.20.